

MØTEBOK

Kommune	Styre, råd, utval	Møtestad	Møtedato	Frå kl. 19.00 Til kl. 22.30
Aurland	fjellstyret	Fjordsenteret	1.2.12	

TIL STADES PÅ MØTET

Medlemar Erling Nesbø, May-Britt Martinsen, Bjørn Ebne, John Håland, Bente Steine.

**Vara-
medlemar** Ingen

Andre Håkon Øydvinn, Harald Skjerdal.

HANDSAMA SAKER

Sak nr./år

1/12, 2/12, 3/12, 4/12, 5/12, 6/12, 7/12, 8/12.

UNDERSKRIFTER

Vi stadfestar med våre underskrifter at blada i møteboka som vi har signert for er førde i samsvar med det som blei fastsett på møtet.

UTSKRIFTER

Hovudutskrift er sendt til

Fjellstyremedlemene og -varamedlemene, Aurland folkebibliotek.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.2.12

Stad: Fjordsenteret

Sak 1/12. Referat og meldingar

Følgjande meldingssaker vart refererte:

- 1) Møtebok fjellstyremøte 14.12.11
- 2) Kurs for fjellstyra, Park hotell på Voss 16.-17. februar
- 3) Fjellopsynet deltok på kurs for fjellstyretilsette på Stjørdal 16.-18.1.12
- 4) Øystein Flaget har sagt opp stillinga som sesongoppsyn for fjellstyret
Merknad: Fjellstyret tek utlysing av stillinga opp som eiga sak i møtet.
- 5) Aurland jakt- og fiskelag - søknad om fornying av leigeavtalen for hjortejakta i Nordheimsdalen
- 6) «Historien om fjellstyra» - 100 år etter nedsetjinga av fjellovkomiteen. Fjellstyret er spurt om å bidra med stoff frå Aurland, noko som me vil prøva å få til.
- 7) Aurland fiskeadministrasjon – fiskekortsålet i 2011
- 8) Fjellrevprosjektet på Finse - rapport
- 9) Møteplan for fjellstyremøta 1. halvår 2012:
 - 6. mars
 - 11. april
 - 23. mai
 - 7. juni
- 10) Landbrukskontoret for ÅLA-kommunane har spurt om fjellopsynet kan bidra med hjelp til sakshandsaming i den kommunale vilforvaltinga, inntil 3 arbeidsveker i 2012. Fjellstyret er innstilt på å få til dette. Arbeidet vert fakturert med den timesatsen som er avtalt mellom Norges fjellstyresamband og SNO.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.2.12

Stad: Fjordsenteret

Sak 2/12. Fjellstyret si årsmelding for 2011

Utkast til årsmelding låg føre.

Handsaming i møtet:

Eit brev frå fjellstyret sin revisor vart lagt fram, der han kom med forslag om eit tillegg i årsmeldinga, i kapitlet om økonomi. Kapitlet får då slik ordlyd:

«Fjellstyrerekneskapen for 2011 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr. 1.698.938 og samla utgifter kr. 1.768.918. Dette gav eit årsunderskot på kr. 69.980. Styret meiner at den framlagde årsrekneskapen viser eit rett bilete over eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.»

Samrøystes vedtak:

Årsmeldinga vert godkjend slik ho ligg føre, med unnatak av kapitlet om økonomi, som får følgjande ordlyd:

«Fjellstyrerekneskapen for 2011 syner at samla inntekter (medrekna renteinntekter) vart kr. 1.698.938 og samla utgifter kr. 1.768.918. Dette gav eit årsunderskot på kr. 69.980. Styret meiner at den framlagde årsrekneskapen viser eit rett bilete over eigedelar og gjeld, finansiell stilling og resultat. I samsvar med rekneskapslova § 3-3 vert det stadfesta at vilkår om framleis drift er lagt til grunn ved utarbeiding av rekneskapen.»

Sak 3/12. Fjellstyrerekneskapen for 2011

Årsrekneskap og revisjonsrapport låg føre.

Samrøystes vedtak:

Årsrekneskapen for 2011 vert godkjend.

Sak 4/12. Hjortejakta i Nordheimsdalen - utlysing av jaktfelt nr. 1 (nedre felt)

Det låg føre saksutgreiing med to alternative framlegg til vedtak. Aurland jakt og fiskelag hadde fått saka til høyring, og hadde kome med innspel som vart lagt fram i møtet.

Alt. 1:

Fjellstyret lyser ut hjortejakta i det nedre jaktfeltet i Nordheimsdalen (jaktfelt 1) for 2012 - 2013 gjennom nettsida Inatur innan midten av mars, med trekning gjennom fellesopplegget til Fjellstyresambandet/Inatur, på same måten som det har vore gjort dei siste åra.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.2.12

Stad: Fjordsenteret

Sak 4/12, framhald:

Alt. 2:

Fjellstyret vil lysa ut hjortejakta i det nedre jaktfeltet i Nordheimsdalen (jaktfelt 1) for 2012-2013 i lokalaviser og på fjellstyret si heimeside på internett. Utlysinga skjer kring månadsskiftet mars/april, med søknadsfrist 30. april.

Handsaming i møtet:

Det vart røysta alternativt mellom dei to framlegga. Alternativ 1 fekk 3 røyster og vart vedteke, medan 2 røysta for alt. 2.

Vedtak (3 mot 2 røyster)

Fjellstyret lyser ut hjortejakta i det nedre jaktfeltet i Nordheimsdalen (jaktfelt 1) for 2012 - 2013 gjennom nettsida Inatur innan midten av mars, med trekning gjennom fellesopplegget til Fjellstyresambandet/Inatur, på same måten som det har vore gjort dei siste åra.

Sak 5/12. Kvalrygghytta - søknad om vøling/ombygging

Det låg føre saksutgreiing (sak 26/11), med tilråding til uttale. Vidare låg det føre søknad frå Johan Grøttebø til Statskog SF datert 24.10.11, og e-postar frå søkjaren til fjellstyret datert 14.12.11 og 16.1.12 .

Handsaming i møtet:

Bjørn Ebne kom med framlegg om delvis nytt siste avsnitt i uttalen, som skal erstatta det som står som siste avsnitt i tilrådinga. Hans framlegg til siste avsnitt hadde slik ordlyd (ny tekst skriven med utheva skrift):

*«For Aurland fjellstyre er det eit poeng at eldre bygg i allmenningen som kan seiast å ha ein kulturhistorisk verdi ikkje vert nemneverdig endra. Kvalrygghytta er eit slikt bygg, det veit alle som har vore der. **Fjellstyret kan godta det omsøkte arbeidet, på følgjande vilkår:***

- **Høgda på langveggene skal behaldast**
- **Behalda utforminga av gavlveggen (steinhella over døra skal behaldast)**
- **Takvinkelen kan gjerast litt brattare, men innanfor det som er vist på skissa som fjellstyret har fått.**

Dersom vøling av murane er strengt naudsynt, ut frå at det har vore sig- eller vasskade, må dette kunna tillatast.

Fjellstyret slutta seg til framlegget til vedtak som låg i tilrådinga, med den føreslegne endringa frå Bjørn Ebne.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.2.12

Stad: Fjordsenteret

Sak 5/12, framhald:

Samrøystes vedteken uttale:

På vilkår av at hytta skal stå ulæst, slik at ho skal kunna nyttast av ålmenta i naudsfall, og at festet vert knytt til eit gardsbruk (gnr. 13 bnr. 11 i Lærdal), ser fjellstyret ikkje noko stort hinder for at eigaren skal kunna få oppretta avtale med Statskog SF om avgiftsfritt feste i samsvar med praksis gjeldande for buer i statsallmenning oppførde før 1920. Sjølve utforminga av avtalen må fjellstyret få høve til å koma attende til.

Når det gjeld spørsmålet om løyve til vøling/ombygging av bua, har fjellstyret følgjande å merka:

Dersom eigaren meiner at det er trong for utskifting av materialar innvendig, bør dette kunna gjerast utan at det treng søkast om løyve til det. Ved utvendige tiltak som kan endra utsjånaden til hytta må det derimot søkast om løyve. Slik gjeld vilkåra som ligg inne i dei avtalene som til no er oppretta for hytter innan Aurland statsallmenning. Det vil vera rimeleg å leggja inn liknande vilkår i ein avtale som gjeld Kvalrygghytta, sjølv om denne kjem i ein annan kategori. Det innvendige arbeidet som er planlagt, bør fjellstyret/Statskog såleis kunna akseptera utan merknad.

Ein del utvendig arbeid er nemnt i søknaden:

- nedtaking og oppattmuring av to murvegger; aust og sør
- nytt torvtak, litt brattare rausta enn det gamle

For Aurland fjellstyre er det eit poeng at eldre bygg i allmenningen som kan seiast å ha ein kulturhistorisk verdi ikkje vert nemneverdig endra. Kvalrygghytta er eit slikt bygg, det veit alle som har vore der. Fjellstyret kan godta det omsøkte arbeidet, på følgjande vilkår:

- Høgda på langveggene skal behaldast
- Behalda utforminga av gavlveggen (steinhella over døra skal behaldast)
- Takvinkelen kan gjerast litt brattare, men innanfor det som er vist på skissa som fjellstyret har fått.

Dersom vøling av murane er strengt naudsynt, ut frå at det har vore sig- eller vasskade, må dette kunna tillatast.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.2.12

Stad: Fjordsenteret

Sak 6/11. Rådgjevande utval for Nærøyfjordområdet - val av medlem

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Aurland fjellstyre ynskjer å vera representert i fagleg, rådgjevande utval for Nærøyfjordområdet. På møta i utvalet vil ein av dei tilsette i fjelloppsynet møta for fjellstyret. Harald Skjerdal vert vald som fjellstyret sin representant, med Håkon Øydvin som varamann.

Sak 7/11. Aurland Setjefisk BA - val av medlem og varamedlem

Saksutgreiing låg føre.

Samrøystes vedtak:

Som medlem i styret for Aurland Setjefisk BA innstiller fjellstyret John Håland, med May-Britt Martinsen som varamedlem.

Sak 8/12. Aurland Skyttarlag - søknad om gåvepremie til samlagsstemna i miniatyrskyting

Saksutgreiing vedlagt søknad låg føre.

Samrøystes vedtak:

Fjellstyret gjev tilsegn om eit tilskot på kr. 1000 til Aurland Skyttarlag i samband med tilskiping av samlagsstemna i miniatyrskyting i februar 2012.

MØTEBOK

Aurland fjellstyre

Møtedato: 1.2.12

Stad: Fjordsenteret

Sak 9/12. Utlysing av stilling som sesongoppsyn

Det låg føre oppseiing frå Øystein Flaget, som har hatt denne stillinga sidan 2007. Annonseteksten frå sist stillinga vart utlyst vart lagd fram.

Handsaming i møtet:

Dagleg leiar orienterte om omfanget av arbeidsoppgåvene. Desse tilseier at det er grunnlag for å lysa ut ei stilling med eit omfang på omlag 7 månadsverk/år. Fjellstyret finn det rett å lysa ut stillinga alt no, for å kunna koma i mål med tilsetjing før sommarsesongen.

Samrøystes vedtak:

Stillinga som sesongoppsyn vart utlyst i Sogn Avis og på fjellstyret si heimeside på internett, med søknadsfrist 1. mars. Det vart teke utgangspunkt i annonseteksten som vart nytta sist stillinga vart utlyst, med nokre små endringar.